

Landbrukskontoret

24/11 - 14

Til orientering

OPPGRADING AV AREAL PÅ 22/4

Sender herved kart over areal som er under oppgradering denne sesongen.

Arealet var ei myr som vart dyrka på tidleg 1980 talet. Myra hadde sige med over to meter på midten, og knausar dukka opp mange stader. Grøftene sluttar og fungere pga. grunne utløp(fjell), og djupare botn lenger inne på feltet. Feltet er avgrensa av gardsvegen i sør, og det er bygd beiteveg rundt feltet, denne vert halvgrønn men er god som veg for dyr og transport av gras, gjødsel mm.

Arealet er oppgradert med påfyll av jord, og delar er sådd i og hausta med to slåttar og ei beiting i sommar. Resten vart hausta før påfylling no i haust. Me reknar med at det no er fylt nok jord på dette arealet. Det er ynskjeleg at arealet vert i plan med beitevegane rundt med ein svak bue opp mot midten for at overflatevatnet skal renna av. Dersom det vert lite jord til det, må me laga singelslukar der det er trøng for det. Arealet blir finplanert så snart det vert laglege tilhøve, det skal grøftast noko og plukkast stein. Straks det vert vekstsesong skal arealet som no er fylt på, gjerast grønt med isåing.

Arbeidet med å oppgradera arealet på heimagarden er avgjerande for vidare drift blant anna pga. reduksjon av slåtteareala på Frekhaug og i området elles.

Med helsing

Magnar Askeland



Kartverket

Se eiendom

informasjon fra matrikkel og grunnboken

24/11 2014

